

VEDTEKTER FOR SKULEFRITIDSORDNINGA (SFO) I SVEIO KOMMUNE

Høyringsutkast per 11.05.2022

Lov og retningslinjer

Skulefritidsordninga (SFO) skal drivast i samsvar med § 13-7 i Lov om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa. SFO skal leggja til rettes for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos barna og ha fokus på fellesskap, likeverd, tryggleik og sjølvstende. Skulefritidsordninga skal gje borna omsorg og tilsyn. Born med særskilde behov skal gjevast gode utviklingsvilkår. Areal, både ute og inne, skal vera eigna for føremålet. Skulefritidsordninga skal følgja nasjonal rammeplan, samt vedtekne plandokument og rutinar i Sveio kommune.

Føremål

Skulefritidsordninga er eit frivillig omsorgs- og aktivitetstilbod før/etter skuletid og på fridagane til skulane. Målgruppa er born i grunnskulen i Sveio på 1.- 4. klassetrinn, og born med særskilde behov på 1.-7. klassetrinn. Born med særskilde behov blir definert ved at dei har varige funksjonsnedsetjingar som fører med seg omfattande og vedvarande behov for bistand.

Eigartilhøve

Dei kommunale skulefritidsordningane er ein del av skuleverksemda og er eigde av Sveio kommune.

Bemanning og leing

Rektor er pedagogisk og administrativ leiar for skulefritidsordninga ved skulen sin. Rektor har ansvaret for at skulefritidsordninga er ein integreert del av skuleverksemda. Ved nokre av skulane kan den daglege drifta av SFO vera delegert ein SFO-leiar. SFO-leiar inngår i leiargruppa til skulen, og skal delta i samarbeidsutvalet ved skulen. Utvalet bør utvidast med ein representant for dei tilsette i skulefritidsordninga i saker der det er ønskjeleg.

Ved utlysing av SFO-leiarstillingar skal det krevjast relevant 3-årig pedagogisk høgskuleutdanning. Den andre bemanninga i SFO skal bestå av personale med rett kompetanse til å levera eit kvalitativt godt tilbod i samsvar med lov og retningslinjer. Som hovudregel skal det minimum stillast krav om fagbrev som barne- og ungdomsarbeidar.

SFO skal ha eige budsjett, og bemanninga blir styrt av det tildelte budsjett. Rektor er ansvarleg for at bemanninga er forsvarleg, slik at krava i rammeplanen kan møtast og tryggleiken til ei kvar tid blir tatt vare på. Rettleiande bemanningsfaktor er 15 born per vaksen. Det kan ikkje tilsetjast fleire vaksne enn betalingsgrunnlaget tilseier, men skulefritidsordninga kan likevel få styrkt bemanning dersom det er born med særskilde behov i gruppa.

Alle som blir tilsette i SFO, må leggja fram politiattest.

Opptakskriterium

Alle born i målgruppa skal få tilbod om SFO-plass når dei søker innan årleg frist.

Opptaksmynde

Rektor har mynde til å fatta vedtak om opptak i ordinær SFO ved sin skule og til SFO på undervisningsfrie dagar og sommar-SFO. Hovudutval for oppvekst/kultur er klageinstans. Klagefrist er tre veker frå det tidspunktet søkjaren får vedtaket.

Opptaksperiode, endring og oppseiing av skulefritidslassen

Kommunen har eit hovudopptak til ordinært SFO-tilbod med søknadsfrist 1. april. Påmelding, endring av plasstorleik og oppseiing blir gjort i portalen på heimesida til kommunen. Hovudopptaket skal gjennomførast i vårsemesteret.

Det kan søkjast om plass etter fristen og gjennom heile skuleåret, men tildeling av plass blir berre aktuelt om det er forsvarleg kapasitet. Prioritet ved opptak utover hovudopptaket;

1. Elevar med særskilde behov
2. Elevar på 1. og 2. trinn
3. Elevar på 3. og 4. trinn

Føresette kan i tillegg søkja om SFO på undervisningsfrie dagar og sommar-SFO. Det er eige søknadsskjema for dette på kommunen si heimeside. Søknadsfristen er 1. april.

Alle born som er innmelde i skulefritidsordninga, er påmelde ut 4. trinn om ikkje føresette seier opp plassen tidlegare. Det er ei gjensidig oppseiingstid på to -2- månadar, rekna frå den 1. i kvar månad. Oppseiinga må vera registrert innan 31. mai dersom barnet ikkje skal bruka SFO-plassen komande skuleår. Reglane om oppseiing gjeld og ved plassreduksjon, og om ein flyttar ut av kommunen. Føresette må senda skriftleg oppseiing til den skulen skulefritidsordninga høyrer til.

Plasstorleik og opphaldstid

Skulefritidsordninga følgjer skuleåret. Dagleg opningstid er normalt mellom kl.07.00 og kl.16.30, men lokale tilpassingar kan førekoma når det er naudsynt. Tilbudsstrukturen har følgjande alternativ om det er nok påmelde:

- Full tid i skuleåret (morgon og ettermiddag)
- Ettermiddagstilbod i skuleåret
- Halv veke: måndag, tysdag og torsdag i skuleåret (morgon og ettermiddag)
- Halv veke: onsdag og fredag i skuleåret (morgon og ettermiddag)

Skulefritidsordninga held stengt i juli månad og fem planleggingsdagar i løpet av skuleåret.

Tilbod i feriane kjem i tillegg til skuleårstilbodet, og føresette kan velja i ei veke før skulestart og ei veke etter skuleslutt, ei veke samanfallande med haustferien og ei veke samanfallande med vinterferien. Ein skule kan berre gje ferietilbod om det er 10 eller fleire påmelde born. Når det er færre enn 10 søkjarar ved dei einskilde skulane i feriane, kan det bli aktuelt å gje eit samla tilbod for borna ved ein av skulane i kommunen. Opningstid i ferien er i tida kl.7.30 -16.00

Foreldrebetaling

Kommunestyret fastset foreldrebetaling og eventuelle moderasjonsordningar for plass i SFO i den årlege budsjetthandsaminga. Betaling for mat kjem i tillegg. Kvar SFO fastset sjølv satsar for matpengar i høve til sjølvkost. Det er høve til å ta ekstra betaling til turar og utflukter.

Det skal betalast for ordinær SFO i 10 månadar.

Kommunen kan belasta fakturagebyr for å dekkja administrasjonskostnad til utsending av papirfaktura. For å unngå dette må føresette oppretta e-faktura.

For sein betaling vil føra til morarente.

Ved vesentleg misleghald, dvs. etter tre månadar manglande betaling, skal føresette få tilbod om betalingsavtale. Om ein ikkje blir samd om betalingsavtale, vil uteståande beløp bli kravd inn i samsvar med gjeldande lovverk.

Redusert foreldrebetaling

Born på 1. trinn får tilbod om gratis SFO i 12 timar kvar veke.

Hushald med låg inntekt og elevar som går på 1. og 2. trinn, kan søkja om inntektsgradert foreldrebetaling for SFO. Ordninga skal sikra at ingen hushald betaler meir enn 6 % av samla inntekt for ein plass. Det blir fastsett kvart år kva som blir rekna som låg inntekt, og som då gir grunnlag for inntektsgradert foreldrebetaling. Elevar med særlege behov har gratis SFO på 5.-7.trinn.

Ved prisendring som har si årsak i endringar i statlege føringar med konsekvensar for SFO, vil dette gjerast gjeldande frå den datoen som staten har sett.

- For SFO i skuleåret skal det betalast 10 gonger per skuleår.
- For ferietilbod skal det betalast ekstra.
- Det er høve til å ta ekstra betaling til mat, turar og utflukter.
- For henting av barn etter stengetid skal det betalast gebyr.

Leike- og opphaldsareal

Skulefritidsordninga baserer verksemda si på sambruk av areal med resten av skulen.

Endring i vedtektene

Det er kommunestyret som godkjenner/endrar vedtektene til skulefritidsordninga i Sveio kommune*

**Fastsettelse og endringer i de delene av vedtektene som oppfyller forskriftsdefinisjonen må følge saksbehandlingsreglene i forvaltningsloven kapittel VII. Når det gjelder kravet om forhåndsvarsling i forvaltningsloven § 37, antar departementet at det ofte kan være upraktisk å splitte opp vedtektene for SFO, og vil understreke at det ikke er noe i veien for at hele regelverket sendes på høring.*

Innhaldet i desse vedtektene blei endra av kommunestyret XX 2022.

Vedtektene gjeld frå 1.januar 2023.

GJELDANDE VEDTEKTER I DEI KOMMUNALE SKULEFRITIDSORDNINGANE I SVEIO KOMMUNE.

Siste vedtekter for skulefritidsordninga i Sveio kommune blei vedtekne i kommunestyre 11.12.2017, og gjort gjeldande frå 01.01.2018.

1. FØREMÅL

Skulefritidsordninga er eit omsorgs- og fritidstilbod før og etter skuletid for 1.-4. årstrinn, og for barn med særskilte behov på 1.-7. årstrinn. Skulefritidsordninga skal leggje til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos barna og ha fokus på fellesskap, likeverd, tryggleik og sjølvstende. Skulefritidsordninga skal gi barna omsorg og tilsyn. Barn med nedsett funksjonsevne skal givast gode utviklingsvilkår. Areal, både ute og inne, skal vere eigna for formålet.

2. EIGARFORHOLD

Sveio kommune er eigar og ansvarleg for drifta ved dei kommunale skulefritidsordningane. Kommunen kan nytte andre til å oppfylle plikta til å ha eit tilbod om skulefritidsordning, dersom dei elles oppfyller vilkåra i opplæringslova § 13-7. Kommunen skal etter lova føre tilsyn med private skulefritidsordningar.

3. OPPTAKSMYNDE

Søknad om opptak til SFO skal gjerast elektronisk (Visma skule). Skulen kan kontaktast og vil gi hjelp til å søkja. Rektor har ansvar for opptak og må sjå til at inntektsgrunnet sikrar eit SFO-budsjett i balanse, og dette set krav til tal påmeldte barn for at tilbodet kan oppretthaldast. Hovudutval for oppvekst/kultur er klageinstans. Klagefrist er tre veker frå det tidspunkt søkjaren får vedtaket. Søknadsfrist er 15.mars.

4. OPPTAKSKRITERIUM

Så langt råd er, skal alle som søker få plass. Dersom det er fleire søkjarar enn det er plass til, skal opptaket prioriterast etter følgjande retningslinjer:

- Barn med spesielle behov skal prioriterast framfor andre barn. Føresetnaden er at ei fagleg vurdering ligg til grunn. Barn med funksjonshemming kan delta t.o.m. 7.trinn.
- Yngre barn skal prioriterast framfor eldre barn.

5. OPPTAKSPERIODE OG OPPSEIING AV PLASSEN

Opptaket skal gjennomførast i vårsemesteret og gjeld til barnet er ferdig med 4.trinn om ikkje føresette seier opp plassen tidlegare. Det kan søkjast om plass etter fristen og gjennom heile skuleåret, men tildeling av plass blir berre aktuelt om det er forsvarleg kapasitet. Det er ei gjensidig oppseiingstid på to -2- månadar, rekna frå den 1. i kvar måned. Oppseiinga må vere registrert innan 31. mai dersom barnet ikkje skal bruke SFO-plassen komande skuleår. Føresette må senda skriftleg oppseiing til den skulen skulefritidsordninga høyrer til.

6. FORELDREBETALING

Utgiftene til den ordinære skulefritidsordninga skal dekkast av foreldrebetalinga. Sveio kommunestyre gjer vedtak om pris for dei ulike tilboda kvart budsjettår. For barn med særskilte behov er SFO gratis på 5.-7.trinn, men det skal betalast for elevar på 1.-4.trinn ut frå prinsippet om likebehandling. Prisane blir vurdert regulert i tilknytning til den årlege budsjettprosessen. Ved prisendring som har si årsak i endringar i statlege føringar med konsekvensar for SFO, vil dette gjerast gjeldande frå den dato som staten har sett.

- For SFO i skuleåret skal det betalast 10 gonger pr. skuleår.
- For ferietilbod skal det betalast ekstra.
- Det er høve til å ta ekstra betaling til mat, turar og utflukter.
- For sein betaling vil føra til morarente.
- For henting av barn etter stengetid skal det betalast gebyr.

7. LEIKE-OG OPPHALDSAREAL

Skulefritidsordninga brukar skulen sine lokale og uteareal. Arealet skal ha godkjenning etter «Forskrift om miljøretta helsevern i barnehage og skole». Leike – og opphaldsareala skal fungera for lek, kultur – og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesse hjå barna.

8. DAGLEG OPPHALDSTID OG ÅRLEG OPNINGSTID Skulefritidsordninga følgjer skuleåret.

Dagleg opningstid er normalt mellom kl.07.00 og kl.16.30 og tilbodsstrukturen har følgjande alternativ om det er nok påmeldte barn: kl.16.30 og tilbodsstrukturen har følgjande alternativ om det er nok påmeldte barn: Full tid i skuleåret (morgon og ettermiddag) Ettermiddagstilbod i skuleåret Halv veke: måndag, tysdag og torsdag i skuleåret (morgon og ettermiddag) Halv veke: onsdag og fredag i skuleåret (morgon og ettermiddag) Tilbod i feriane Tilbod i feriar kjem i tillegg til skuleårstilbodet, og føresette kan velja i ei veke før og ei veke etter skulestart, ei veke samanfallande med haustferien og ei veke samanfallande med vinterferien. Ein skule kan berre gi ferietilbod om det er 10-11 påmeldte barn. Når det er få barn det blir søkt om SFO for i feriane, kan det bli aktuelt å gi eit samla tilbod for barna på ein av skulane i kommunen. Opningstid i ferien er i tida kl.7.30 -16.00

9. BEMANNING OG LEIING/KOORDINERING

Rektor er pedagogisk og administrativ leiar for skulefritidsordninga. SFO skal ha eige budsjett. Innan dei rammene som brukarbetalinga gir, kan rektor setja av tid til ein koordinator/leiar i ordninga. Rettleiande bemanningsfaktor er 15 barn pr. vaksen, og det kan ikkje tilsetjast fleire vaksne enn betalingsgrunnlaget tilseier. Alle som blir tilsette i SFO, må leggja fram politiattest. Koordinator/leiar for SFO deltek på samarbeidsmøte ved skulen i saker som gjeld ordninga primært, og i saker som gjeld annan drift av skulen, dersom desse grip inn i SFO. Samarbeidsutvalet ved skulen er styre for skulefritidsordninga. Utvalet bør utvidast med ein representant for dei tilsette i skulefritidsordninga i saker der det er ønskjeleg.